



ILLUSTRASJON: RATIO ARKITEKTER

GRØNT: Ei nyopning av Gaustadbekken saman med nøye planlagd bruk av planter, tre, vatn og steinformasjonar skaper biologisk mangfald og rike sanseintrykk i det offentlege parkområdet på søraustsida av bygget. Mot Ringveien sørger plantene for ein botanisk buffer mot støy og svevestøv.

DET NYE FLAGGSKIPET TIL FORSKARANE

Det nye Livsvitskapsbygget på Blindern i Oslo blir Noregs nye ess i ermet for utdanning, forskning og innovasjon. Her er menneska som no gjer ferdig skissene til det nye kraftsentrumet til universitetet.

Tekst og foto: **Geir Anders Rybakken Ørslien**

Dette har mange fellestrekk med å vere dirigent for eit stort orkester, seier Per Anders Borgen i Ratio arkitekter AS. Han står framom ein skalamodell av området rundt Blindern i Oslo - med eit heilt nytt bygg i midten.

Borgen leier prosjekteringsgruppa som i løpet av sommaren skal gjere ferdig skissene til «VEV»: eit nytt forskings- og undervisningsbygg på 66 700 kvadratmeter i Gaustadbekkedalen - mellom Rikshospitalet og dagens universitetsområde på Blindern.

- Jobben min er å heve taktstokken, telje opp og sørge for at alle deltakarane her spelar saman. Vi er eit breitt og solid tverrfagleg team som arbeider med dette no, med bidrag frå ein heil skog av ulike faggrupper. Desse må snakke saman, lytte til kvarandre og tenkje konstruktivt i fellesskap.

Borgen er arkitekt, men altså først og fremst lagleiar. Med seg har han akkurat no rundt 25 fagpersonar frå ei rekkje disiplinlar. Eit prosjekt i denne storleiken stiller høge krav til tverrfagleg samarbeid. Statsbygg har derfor leigd eige lokale på Skøyen for å huse prosjekteringsgruppa bak VEV.



Prosjektsjef Morten Danielsen i Statsbygg og prosjekteringsleiar Per Anders Borgen i Ratio arkitekter skal saman finne gode løysingar for det kompliserte bygget.

LIVSVITSKAPSBYGGET, UIO	
Forsknings- og undervisningsbygg for livsvitenskap (Life Science) inkludert kjemi og farmasi ved Universitetet i Oslo.	
OPPDRAKSGJEVAR Kunnskapsdepartementet	OPPSTART/FERDIGSTILLING Skisseprosjekt avsluttes i 2015
FØREBELS AREALRAMME (KVM)	
66 700	
STATUS Forprosjektfase	KOSTNADSRAMME Ikke fastsatt

Arbeidsfellesskapet er forsterka med eit anna arkitektkontor, eit landskapsarkitektkontor og ei rekke ingeniørfirma og andre spesialrådgivarar.

TVERRFAGLEG OPPGÅVE

Det var Statsbygg som i utlysinga av plan- og designkonkurransen stilte krav til tverrfaglege team. Ratio samla derfor eit kompetent lag rundt seg og var ei av 31 prosjekteringsgrupper som melde interesse for å delta. Sju blei prekvalifiserte. Tre blei kåra som vinnarar i plan- og designkonkurransen og inviterte til forhandlingar.

Kontrakten gjekk til gruppa som utvikla VEV, leidd av Ratio arkitekter. Kort etter at champagnekorken spratt, var dei tilbake ved teikneborda på Skøyen.

– Forslaget vårt viser korleis vi meiner dette bygget bør fungere, og det trekkjer opp dei store linjene. No fullfører vi skisseprosjektet med å få på plass detaljane som viser korleis dette kan løysast i praksis. Dette krev kunnskap og spisskompetanse på mange frontar. Ein fjerdedel av dei som arbeider med dette no, er arkitektar, resten kjem frå andre fagfelt, fortel Borgen.

Eit arkitektkontor som får ansvaret for å utvikle eit slikt prosjekt, må nemleg kunne svært mykje meir enn å teikne. Dei må òg ha leiarar med tyngd.

LEIING EIN KRITISK FAKTOR

– For Statsbygg er det avgjerande viktig å velje dei aktørane som har kompetansen, erfaringa og gjennomføringsevna som trengst for å handtere ei så kompleks og omfattande oppgåve, seier Morten Danielsen.

Han er prosjektsjef i Statsbygg og har det daglege byggherreansvaret for planlegginga av universitetet si storsatsing. Han peiker stadig på hovudmålet som det nye bygget skal leggje til rette for: ei klar styrking av konkurransekrafta universitetet har på utdanning, forskning og innovasjon.

– Statsbygg er best på bygg med mening. Her er meininga klart og tydeleg formulert av både Kunnskapsdepartementet og universitetet. Det er denne effekten all planlegginga vår skal sikte mot, understrekar Danielsen.

DETTE ER LIVSVITSKAP:

→ Universitetet i Oslo kallar satsinga på livsvitenskap den vitenskaplege revolusjonen for vår tid. Dette handlar om livsgåtene og forskinga som søljer å forstå meir av menneska og livet rundt oss.

→ UIO har no over tusen forskarar og vitenskapleg tilsette som arbeider med livsvitenskap. Dei gjer innsatsen sin i biologi, fysikk, kjemi, farmasi, matematikk, statistikk, informatikk og ei rekke andre fag.

DERFOR TRENG OSLO EIT NYTT LIVSVITSKAPSBYGG:

→ Oslo har dei sterkaste forskingsmiljøa i Noreg innanfor livsvitenskap på universitetet. Oslo universitetssykehus og i næringslivet. Målet er å skape ein einestående arena for alle desse.

→ Dei ulike miljøa treng ein ny arena for eit tettare forskings- og undervisningssamarbeid. Det nye Livsvitenskapssenteret blir derfor utvikla som eit fleksibelt toppforskningsbygg.

→ Faga kjemi og farmasi får nye areal her, med strategisk gangavstand til campus på Blindern, Oslo universitetssykehus, Institutt for informatikk og SINTEFs laboratorium for nye materiale.

– Kva er grunnen til at de valde ein tverrfagleg konkurranse med prekvalifisering, altså ei siling av kven som fekk delta i hovudrunden?

– Årsaka er at ei rekke fag og spesialistar må medverke i utviklinga av prosjektet. Vidare meiner vi at sju deltakarar sikra at vi fekk belyst prosjektet i tilstrekkeleg breidd. Oppgåva vår er òg å sikre oss ei kvalifisert leiing av heile dette tverrfaglege teamet i prosjekteringsgruppa. Kompetent og tydeleg leiing og styring på prosjekteringsida er ein heilt avgjerande faktor når vi skal levere innanfor dei rammene som er sette for prosjektet, konstaterer Danielsen.

TREDELT PROSJEKTGRUPPE

Tilbake på arkitektkontoret på Skøyen har prosjekteringsgruppa organisert seg i tre grupper, som arbeider med kvart sitt hovudfelt:

Det første tek for seg om struktur, altså beresystemet og konstruksjonen i bygget, i tillegg til sjakter og føringsvegar for ventilasjon og elektrisitet. Så kjem gruppa som arbeider med funksjon, korleis bygget skal brukast. Dei har tett kontakt med brukarane ved universitetet, som sjølvsagt er aktivt med i utforminga av gode løysingar for svært avanserte laboratorium, undervisningsrom og kontor og alle dei andre funksjonane bygget skal romme.

– Den tredje er gruppa for berekraft, energi og miljø, fortel Per Anders Borgen.

– Dei har ei stor oppgåve framfor seg i å realisere dei ambisiøse miljøkrava som er sette. Dette er eit tungt og stort bygg som krev mykje energi, men vi skal heilt med mot nesten null i levert energi. Dette går eit godt stykke vidare frå passivhusa som finst i dag. Dette bygget skal produsere monalege mengder energi sjølv, ved hjelp av solceller på tak og vegger og andre løysingar.

Borgen er glad for å kunne løyse oppgåvene i tett samarbeid med Statsbygg, som han beskriv som ein svært profesjonell byggherre.

– Det er ei rein glede å jobbe saman med Statsbygg i eit så stort og omfattande prosjekt. Dei har mykje kompetanse i eige hus og stor kunnskap om det å leie eit slikt prosjekt framover.



PÅ ETT BRETT: Prosjektleiinga for det nye Livsvitenskapbygget studerer modellen som står i prosjektkontoret på Skøyen, vegg i vegg med lokala til Ratio arkitekter. Frå venstre Geir O. Solheim (UIO), Morten Danielsen (Statsbygg), Per Christian Brynildsen, Randi Mandt, Per Anders Borgen (alle frå Ratio arkitekter), Jo Sigurd Lang-Ree (Statsbygg), Terje Knutsen (UIO) og arkitekt Kristin Bauck.



FLEKSIBELT: Bygget blir designa for bruk i minst 60 år og må formast for stadig endra behov i framtida. Organiseringa av undervisnings- og forskingsareala består av fleksible romløysingar på store etasjeplan, der areala enkelt kan justerast etter behov.

DETTE SA JURYEN OM VEV:

«En klar vinner. Konkurranseutkastet viser en løsning av en komplisert tomtesituasjon på en særdeles god måte og med høy arkitektonisk kvalitet. Vev skiller seg ut på grunn av den dyktige helhetlige utforminga av bygningsmassen, både arkitektonisk og med en bygningsstruktur tilrettelagt for fleksibel organisering av forskning og studier. Bygningens forhold til terreng og grøntområder var avgjort konkurransens beste.»

DETTE ER KRITERIA:

Juryen vurderte dei sju løysingsforslaga ut frå fire kriterium:

- I kva grad forslaget kan gjennomførast, og totaløkonomi
- Stads- og campusutvikling
- Arkitektonisk kvalitet og funksjonalitet
- Miljøløysingar



INNE VS. UTE: Landskapet i Gaustadbekkdalen skaper grøne rekreasjonsområde for både tilsette, studentar og naboar.